



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 12.05.2016

Sak nr.: 16/3913-2

Internt l.nr. 16566/16

Sak: 49/16

Tittel: Budsjett 2017 / Økonomiplan 2018-2020 - Næring og kultur

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutvalet gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet:
(dette punktet vert lagt fram utan tilråding)
2. Hovudutvalet tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet på 4,500 mill. kr vert fordelt slik for 2017 og i økonomiplanperioden:
 - a. Tenesteområde 7010 Bedriftsretta satsingar - 0,500 mill. kr
 - b. Tenesteområde 7011 Kommunikasjonsteknologi - 2,000 mill. kr
 - c. Tenesteområde 7015 Nyskaping – omstilling - 0,500 mill. kr
 - d. Tenesteområde 7015 Nyskaping – kommunale næringsfond - 1,000 mill. kr
 - e. Tenesteområde 7900 Andre kulturaktivitetar - 0,500 mill. kr
3. Hovudutvalet tilrår følgjande omprioritering av alt vedtekne innsparingstiltak:
 - a. Den tidlegare vedtekne reduksjonen innanfor reiseliv (utgreiing #34 (3 a) Reiseliv) vert redusert med 0,750 mill. kr for 2017. Endringa vert dekkja ved å redusere tilsvarande på midlane til kommunale næringsfond i 2017. Det opphavlege innsparingskravet for reiseliv på 1,000 mill. kr vert ståande frå 2018.
 - b. Vedteken reduksjon på Fylkesarkivet (utgreiing #47 Kulturarv) vert redusert med 0,300 mill. kr i økonomiplanperioden. Endringa vert dekkja inn ved å redusere løyvinga til fylkesmusikarordninga (utgreiing #50 Kulturformidling) med 0,300 mill. kr.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slike framlegg:

Tillegg punkt 1:

- a. Hovudutvalet tilrår at ein innarbeider reduksjonen på 3,3 mill som omtalt i utgreiinga.
- b. Hovudutvalet går inn for at den ledige 100% stillinga vert avvikla som omtala i utgreiinga

Endring punkt 2:

2a: Tenesteområde 7010 Bedriftsretta satsingar	-0,500 mill
2b: Tenesteområde 7011 Kommunikasjonsteknologi	-1,000 mill
2c: Tenesteområde 7015 Nyskaping – omstilling	-0,500 mill
2d: Tenesteområde 7015 Nyskaping – kommunale næringsfond	-2,000 mill
2e: Tenesteområde 7900 Andre kulturaktivitetar	-0,500 mill

Endring punkt 3a:

Den tidligare vedtekne reduksjonen innanfor reiseliv (utgreiing #34 (3a) Reiseliv) vert redusert med 0,500 mill. kr for 2017. Endringa vert dekkja ved å redusere tilsvarande på midlane til kommunale næringsfond i 2017. Det opphavlege innsparingskravet for reiseliv på 1,000 mill vert ståande frå 2018.

Nytt punkt 4:

Hovudutvalet vil gjere merksam på at ein reduksjon på 1 million på 7720 Kunstproduksjon vil få konsekvensar for statleg støtte til kulturinstitusjonane og knutepunktfestivalane. Utvalet har ikkje funne dekning for denne millionen i vår ramme.

Avrøysting:

Hovudutvalet sitt framlegg punkt 1a og b vart samrøystes vedteke.

Hovudutvalet sitt framlegg til endring i punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Hovudutvalet sitt framlegg til endring i punkt 3a vart samrøystes vedteke.

Hovudutvalet sitt framlegg til nytt punkt 4 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Hovudutvalet gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet:

- Hovudutvalet tilrår at ein innarbeider reduksjonen på 3,3 mill som omtalt i utgreiinga.
- Hovudutvalet går inn for at den ledige 100% stillinga vert avvikla som omtala i utgreiinga.

2. Hovudutvalet tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet på 4,500 mill. kr vert fordelt slik for 2017 og i økonomiplanperioden:

- | | |
|---|------------------|
| c. Tenesteområde 7010 Bedriftsretta satsingar | - 0,500 mill. kr |
| d. Tenesteområde 7011 Kommunikasjonsteknologi | - 1,000 mill. kr |
| e. Tenesteområde 7015 Nyskaping – omstilling | - 0,500 mill. kr |
| f. Tenesteområde 7015 Nyskaping – kommunale næringsfond | - 2,000 mill. kr |
| g. Tenesteområde 7900 Andre kulturaktivitetar | - 0,500 mill. kr |

4. Hovudutvalet tilrår følgjande omprioritering av alt vedtekne innsparingstiltak:

- Den tidlegare vedtekne reduksjonen innanfor reiseliv (utgreiing #34 (3 a) Reiseliv) vert redusert med 0,500 mill. kr for 2017. Endringa vert dekkja ved å redusere tilsvarande på midlane til kommunale næringsfond i 2017. Det opphavlege innsparingskravet for reiseliv på 1,000 mill. kr vert ståande frå 2018.
- Vedteken reduksjon på Fylkesarkivet (utgreiing #47 Kulturarv) vert redusert med 0,300 mill. kr i økonomiplanperioden. Endringa vert dekkja inn ved å redusere løyvinga til fylkesmusikarordninga (utgreiing #50 Kulturformidling) med 0,300 mill. kr.

5. Hovudutvalet vil gjere merksam på at ein reduksjon på 1 million på 7720 Kunstproduksjon vil få konsekvensar for statleg støtte til kulturinstitusjonane og knutepunktfestivalane. Utvalet har ikkje funne dekning for denne millionen i vår ramme.

